

Forvaltningsmål for hjort Bremanger kommune 2025-2029

1. Grunnlaget for fastsetjing av forvaltningsmåla

Måla er styrande for den offentlege forvaltninga for avgjerder og prioriteringar i Bremanger kommune i hjorteviltforvaltninga og organiseringa av denne, og måla er i tråd med overordna nasjonale og evt. regionale mål i hjorteviltforvaltninga

Måla er styrande for den grunneigarstyrte forvaltninga av hjort. Bestandsplanar som skal søkjast godkjende skal vera i tråd med Bremanger kommune sine mål.

Overordna føringar er gitt i lov og forskrift. Særleg sentralt står naturmangfaldlova, dyrevelferdslova, skoglova og viltlova med tilhøyrande forskrifter. Viltlova med forskrifter og kommentarar tek opp i seg det naturmangfaldslova og dyrevelferdslova legg premiss for innan viltlova si avgrensing. Lov om naturmangfald og dyrevelferdslova har direkte heimel for viltforvaltninga utanom viltlova si avgrensing.

Overordna føringar er også gitt i kommentarar til lov og forskrift. Særleg sentral står kommentarar til forskrift om hjorteviltforvaltning som er forklarande til dei ulike paragrafane forskrifta inneheld.

Hjorteviltforskrifta sine innleiande paragrafar 1-3 avklarar føremål, set krav om vedtekne kommunale mål og set krav om samarbeid.

Forvaltning av viltet er todelt samvirke. For hjortevilt står ressursutnyttinga sentralt og er stor del av den lokale forvaltninga. Det er overordna mål om ressursutnytting av hjortevilt knytt til både opplevingar og mat i reiselivsproduksjon og lokalmat.

Som grunnlag for slik nytting ligg god naturforvaltning som sikrar god ressurs. Gjennom forvaltninga av hjort som art, og gjennom forvaltning av artar som del av natur.

Forvaltningsmåla for hjort i Bremanger kommune skal vera det lokale fundamentet som sikrar dette. Offentleg vedtekne mål som sikrar ressursen og som sikrar og foredlar arten og naturen arten er del av for framtidige generasjonar.

Hjortevilt er del av landbruk og samfunnet elles. Arealbrukskonfliktar mellom hjortevilt samfunn er stort tema. Skader på skog og avling i landbruket. Hjort blir påkjørt i trafikken og fører til skade på dyr og dyreliding samt skade på kjøretøy og person. Dei kommunale måla for hjort i Bremanger kommune skal vera styrande for handteringa av arealbrukskonfliktar knytt til hjort.

Hjorten i Bremanger er del av hjortebestandar som nyttar store landskap, større enn Bremanger kommune si utstrekning. Hjorteviltforskrifta set krav om at hjorteviltforvaltninga skal nytte kunnskap som grunnlag i forvaltninga, herunder å vedta forvaltningsmål. Forskrifta krev at både den offentlege forvaltninga og den private forvaltninga, samordnar forvaltninga av hjort til den avgrensinga hjorten brukar. Samarbeid i store landskap tilpassa hjorten sin arealbruk.

For areala Bremanger kommune er del av, er det definert to såkalla årsleveområde for hjort; eitt frå Svelgen og sør og austover i nabokommunane Kinn, Sunnfjord og Gloppen, og eitt nord for dette avgrensa av Hyefjorden del av Gloppen og den nord og vestlege delen av Bremanger kommune. Avgrensingane er komme til gjennom interkommunalt samarbeid og er kvalitetssikra lokalt og i kunnskap om trekkruter og arealbruk i merkeprosjekt.

Forvaltningsmåla i Bremanger skal vera i tråd med måla i samhandlande kommunar og vera felles for årsleveområda så langt det er hensiktsmessig.

2. Kort om bestandsstatus og utfordringar t.o.m. 2024

Kunnskapstala viser at dei to årsleveområda Bremanger er del av har felles utfordringar i tette bestandar av hjort og med til dels svært låge gjennomsnittlege vektorer på kalv og ungdyr. Det indikerer tett bestand og utviklinga har vore negativ, også siste 5 års periode. Det er viktig at denne utviklinga blir endra. Kondisjonen må opp, og det må bli meir mat til kvart individ som er att etter jaktuttaket. Tiltaket blir redusert bestand med forventning om å sjå auka kondisjon framover. Tiltaket kjem ikkje av seg sjølv og vil krevje tett oppfølging av valda.

Tala viser at dei to årsleveområda har også litt ulike utfordringar. Det søndre årsleveområdet, område 12, har størst tettheit, lågast andel hanndyr i bestanden og minst endring i bestandstilhøva i siste 5 års perioden. Årsleveområdet i nord og vest – Hornelen årsleveområde, har lågare tettheit, høgare andel hanndyr i bestanden og større endring i bestandstilhøva. Sjølv om det er ulikt, er felles utfordringane like, og like viktige for begge områda å lykkast å endre. Men tiltaka og endringsarbeidet kan bli ulikt mellom dei to områda.

Områda er ulikt organiserte. I sør er svært mange vald i Flora og Bremanger organisert i felles bestandsplan, medan dette har vore meir delt og mindre felles organisert i den nordre delen. Det vil vera svært viktig for å oppnå forvaltningsmål at organiseringa på grunneigarsida blir prioritert etablert og vidareutvikla i planperioden.

Tiltaka for å snu utviklinga treng å vera kraftfulle og det trengs å gjerast med stor oppfølging. For område med felles bestandsplan vil det vera hensiktsmessig å styrkje det grunneigarstyrte samarbeidet slik at mykje av oppfølginga går i deira regi. Det er også svært viktig at kommunen fyller sin rolle i viltforvaltninga når nye forvaltningsmål skal nåast.

Det er viktig å forstå at nye mål om endring av bestand krev endring av jaktuttak. Endring av jaktuttak kjem ikkje av seg sjølv, og vil berre kunne nåast med konkrete tiltak sett inn for å skape endring. Det er viktig med informasjonsarbeid og oppfølging av valda for å nå mål om endring.

Føreslegne mål for kommande periode er sette med størst fokus på å skape naudsynt endring i redusert bestand for betra kondisjonstilhøve med meir. Det er typiske kortsiktige endringsmål. I tillegg bør fastsetjast meir overordna langsiktige mål. Det siste er ei føremon om blir forankra i samarbeid med kommunane i felles årsleveområde. Det er derfor i denne runden berre teke inn som forslag at langsiktige mål skal etablerast felles i løpet av planperioden

3. Forvaltningsmål for perioden 2025-2029

Måla er endringsmål og er sette kortsiktig for perioden og skal nåast innan tidsavgrensinga. Det er hovudfokus på redusert bestand. Det er forventa at måloppnåing vil gi klare effektar på kondisjonstilhøva. Særlege konkrete mål for kondisjon er derfor utelatne i endringsmåla.

Måla er konkrete og etterprøvbare. Grunnlaget for oppfølging av måloppnåing undervegs er kunnskapen innhenta, tilrettelagt og tilgjengeleggjort i Hjorteviltregisteret. For oppfølging av arealbrukskonfliktar som skade på innmark, skog og naturmangfald kan evt. også andre tilgjengelege data nyttast. Oppfølging av måloppnåing skal skje årleg og skal følgjast opp for kvart av årsleveområda kvar for seg. Som basis for vurdering av måloppnåing skal siste 5 årsperiode 2020-2024 (gjennomsnitt for perioden) vere referanse.

- Hjortebestandane i Bremanger skal reduserast til lågare nivå med minst 10% i løpet av perioden (sett hjort pr jegerdag)
- Hjortebestandane i Bremanger skal ha ein auka andel hanndyr i bestanden med minst 10% i løpet av perioden (sett kolle pr bukk)
- Hjortebestandane i Bremanger skal ha ein auka andel eldre dyr i bestanden med minst 10% i løpet av perioden
- Redusere tall påkøyrslle der hjort innblanda med 10 % og redusere skade på innmark og skog.
- Hjortebestandane i Bremanger skal vera forvalta gjennom bestandsplanar for valda innan årsleveområda. Det er eit mål at alle vald deltek i samarbeid om felles bestandsplanar. Kommunen skal leggje aktivt til rette for at den private forvaltninga er organisert i slikt samarbeid, m.a. gjennom finansiering av arbeidet i felles bestandsplan frå kommunale viltfond
- Det er eit mål at Bremanger kommune skal vidareføre og utvikle arbeidet med kunnskapsinnsamling til bruk i forvaltninga.
- Det er eit mål at Bremanger kommune skal ha ressursar nok i administrasjonen til å aktivt kunne følgje opp arbeidet med kvalitetsheving og endring av hjortebestandane.
- Det er eit mål at Bremanger kommune skal leggje særleg til rette for reduserte arealbrukskonfliktar med meir, gjennom å søkje deltaking i ordninga «Kvotefri jakt på hjortekalv»
- Det er eit mål at den interkommunale offentlege forvaltninga av hjort skal styrkjast med gjennomføring av årlege felles oppfølgings- og evalueringssmøte innanfor årsleveområda saman med fellesorganiseringane på grunneigarsida.
- Det er eit mål å betre kunnskapsgrunnlaget for fastsetting av at årsleveområda, slik at desse kan skal evaluerast og kvalitetssikrast som regionale årsleveområde for hjort i løpet av planperioden.
- I løpet av planperioden skal det vere dialog med nabokommunane om å få utarbeidd felles forvaltningsmål for årsleveområda, der ein set meir overordna og langsiktige mål for forvaltninga.

- Det er eit mål at ein gjennom samarbeid med kommunane innanfor årsleveområdet sikrar felles finansiering til den grunneigarstyrte forvaltninga i eitt felles BPO (bestandsplanområde) for kvart av årsleveområda.

Talfesting av kommunale mål 2025-2029						
	Minst 10 % reduksjon i hjortebestanden i løpet av perioden		Minst 10 % høgare andel hanndyr i bestanden i løpet av perioden		Minst 10 % reduksjon i påkøyrslar der hjort er innblanda	
	Snitt sett hjort pr jegerdag siste 5 år	Mål for perioden 2025-2029	Snitt sett kolle pr bukk siste 5 år	Mål for perioden 2025-2029	Snitt påkøyrslar siste 5 år	Mål for perioden 2025-2029
Bremanger (samla)	2,72	< 2,45	1,36	< 1,22	26,2	< 23,6

Tabellen over viser dei konkrete måltala for kommunen samla sett. Tabellen er lagt inn etter handsaminga i kommunestyret 17.06.2025, og viser berre delmåla som kan kvantifiserast.

Vedlegg: Vurdering etter naturmangfaldloven